



Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Dato: 11.12.2014
Vår ref.: 2014/23795-2
Saksbehandlar: nilgrud
Dykkar ref.: 2014 070763

Melding om vedtak i klagenemnda: Klage på avslag om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå Solstadvegen til Fv 47 i Sveio kommune

Vi viser til dykkar oversending av 24.10.2014 med klage på avslag om utvida bruk av avkjørsle frå Solstadvegen til Fv 47 – gnr. 40 bnr. 1 i Sveio kommune.

Klagenemnda handsama saka i møte 09.12.2014 som sak 58/14.

Saksprotokoll i Klagenemnda – 09.12.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Klagenemnda viser til at søknaden om utvida bruk av eksisterande avkjørsle til Fv 47 frå to nye bustadeiningar gjeld ei avkjørsle som etter godkjent Rammeplan for avkjørsler og byggegrense ligg i strengaste kategori. Klagenemnda avslår difor søknaden frå Odd Bjelland om å knytte seg til den eksisterande avkjørsle til Fv 47 for to bustadeiningar på gnr. 40 bnr. 1 i Sveio kommune av trafikktryggleiksomsyn.

Vedlagt følgjer fylkesrådmannen si saksutgreiing til klagenemnda i sak 58/14.

Vi ber om at partane / klagar vert underretta om klagenemnda sitt vedtak.

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Nils E Grude
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.